

**Sakshandsamar:**
 Astrid Lernes
 E-post: astrid.lernes@sfj.no
 Tlf.: 92022176
Vår ref.
 Sak nr.: 16/296-22
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internt l.nr.

34691/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 25.10.2016

Finansutvalet 2.11.2016

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 10.00

Budsjett/økonomiplan 2017-2020 - Arbeidsdokument 6/16

Vedteken budsjettprosess legg opp til at finansutvalet skal kome med si tilråding til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 (til fylkesutvalet) i møtet 2. november.

I dette arbeidsdokumentet kjem fylkesrådmannen med framlegg til saldert budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Framlegget bygger på vedteken økonomiplan 2017-20, jf. FT-sak 26/16 og på påfølgjande arbeidsdokument 4/16-5/16 og det arbeidsdokumentet som her vert fremja.

1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17.10.16

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

Tilråding

Møteboka frå møtet i finansutvalet 17.10.2016 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg1.

2 SKATT OG RAMMETILSKOT

I arbeidsdokument 5/16 vart finansutvalet orientert om dei økonomiske verknadane etter framlegg til statsbudsjett 2017. Vidare vart det varsla at vi ville kome attende til ev. tillegg når vi hadde fått oppdaterte folketals- og elevtalsprognosar. Fylkesrådmannen har no fått vurdert skatt og rammetilskot ut frå oppdaterte prognosar.

Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) er i statsbudsjettet basert på faktiske folketal per 01.07.2016. For rammetilskotet er det folketal pr. 01.07 året før budsjettåret som er grunnlaget, medan det for skatteinntektene er folketal pr. 01.01 i budsjettåret.

I vår prognose for folketalsutviklinga har vi lagt til grunn at landet aukar med 60.000 årleg og at Sogn og Fjordane fylke aukar 400 årleg. For elevtalsutviklinga (16-18 år) har vi lagt til grunn SSB sine framskrivingar i middelalternativet MMMM.

	01.07.2012	01.07.2013	01.07.2014	01.07.2015	01.07.2016	01.07.2017	01.07.2018	01.07.2019
S og Fj	108 422	108 822	108 980	109 448	109 914	110 300	110 700	111 100
herav 16-18 år	4 802	4 807	4 751	4 655	4 570	4 482	4 398	4 354
landet	5 016 429	5 077 585	5 137 663	5 189 520	5 235 629	5 290 000	5 350 000	5 410 000
herav 16-18 år	194 746	196 851	196 048	195 365	194 857	194 787	192 883	190 631
andel folketal	2,16	2,14	2,12	2,11	2,10	2,09	2,07	2,05
andel 16-18 år	2,47	2,44	2,42	2,38	2,35	2,30	2,28	2,28

Tabellen viser at vår relative del av folketalet vert redusert i heile perioden, medan vår del av 16-18 åringane vert redusert mykje i 2016-2017, for så å stabilisere seg i slutten av perioden. Dette er ei noko svakare folketals- og elevtalsutvikling for fylket vårt enn den som ligg inne i gjeldande økonomiplan.

Frie inntekter for 2017 er vurdert ut frå føresetnadane i statsbudsjettet. Auken i frie inntekter for 2017 er så langt vidareført på same nivå for 2018-2020. Dette betyr at konsekvensane som følgje av endringar/oppdateringar av delkostnadsnøkklane ikkje innarbeidde i rammene for 2018-20.

Ut frå dette prognostiserer vi rammetilskot og skatt slik (sett i høve til gjeldande økonomiplan):

Frie inntekter	2017	2018	2019	2020
Reduksjon i rammetilskot		16,6	28,3	23,0
Reduksjon i skatt	2,1	2,1	2,1	2,1
Reduksjon i frie inntekter	2,1	18,7	30,4	25,1

Tilråding

Skatt og rammetilskot vert redusert med 2,1 mill. kr i 2017, 18,7 mill. kr i 2018, 30,4 mill. kr i 2019 og med 25,1 mill. kr i 2020.

3 INNSPARINGSKRAV I DRIFTSBUDSJETTET – FRAMLEGG TIL LØYSING

3.1 Programområde 715 lokal og regional utvikling

Då regjeringa har redusert KMD-midlane i framlegget til statsbudsjett fekk programområde 715 Lokal og regional utvikling eit årleg innsparingskrav på 1,4 mill. kr i arbeidsdokument 5/16.

Fylkesrådmannen vil no leggje fram forslag til reduksjonstiltak. I tillegg til reduksjonstiltaka er det også foreslått ei omdisponering mellom tenestene på 0,070 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande reduksjonstiltak i budsjettet/økonomiplanperioden:

- Teneste 7151 Regionalt plan- og utviklingsarbeid vert redusert med 0,3 mill. kr per år. Vidare vert 0,030 mill. kr omdisponert til teneste 7153 Fellesfunksjonar/støttefunksjonar.
- Teneste 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid vert redusert med 0,830 mill. kr i 2017 og 0,730 mill. kr i resten av økonomiplanperioden. Løyving til tettstadmidlar vert redusert med 0,8 mill. kr i 2017 og med 0,3 mill. kr i 2018-2020. Frå 2018 vert støtta til regionråda redusert med 0,4 mill. kr. Det er også ei lita løyving på 0,030 mill. kr knytt pris til iderike bygder. Denne prisen har ikkje vore delt ut dei seinare år, slik at løyvinga vert tilrådd omdisponert til teneste 7153 fellesfunksjonar/støttefunksjonar.
- Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert redusert årleg med 0,3 mill. kr.
- Teneste 7157 Internasjonalt arbeid vert redusert med 0,1 mill. kr årleg frå 2018. Løyvinga dekkjer medlemskontingentar i ulike internasjonale organisasjonar. Denne reduksjonen fører til at det internasjonale engasjementet må reduserast. Fylkesrådmannen vil på eit seinare tidspunkt kome med si tilråding til korleis denne kan løysast. Ev. må vi her finne andre løysingar.

Tabellen under syner no tilrådd budsjett innafor programområde 715 fordelt på tenester.

Programområde 715 Lokal og regional utvikling	2017	2018	2019	2020
7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid	1,320	1,320	1,320	1,320
7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	3,746	3,846	3,846	3,846
7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,238	0,238	0,238	0,238
7154 Utviklingsarbeid klima	1,250	1,250	1,250	1,250
7157 Internasjonalt arbeid	0,400	0,300	0,300	0,300
7159 Lokal og regional utvikling - Administrasjon	7,864	7,879	7,879	7,879
SUM	14,818	14,833	14,833	14,833

3.2 Sektoren næring og kultur

Som følgje av at regjeringa har redusert KMD-midlane i framlegget til statsbudsjett fekk sektoren næring og kultur eit årleg innsparingskrav på 6,5 mill. kr i arbeidsdokument 5/16.

Fylkesrådmannen vil no leggje fram forslag til reduksjonstiltak.

Då ordninga med kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift (INU-midlane) er føreslege avvikla frå 2017 vil fylkesrådmannen tilrå ei omprioritering innafor teneste 7015 Nyskaping. Kommunale næringsfond vert redusert med 1,3 mill. kr, og det vert lagt inn ein tilsvarande auke til inkubatorordninga til Kunnskapsparken.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande reduksjonstiltak i budsjett/økonomiplanperioden:

- Teneste 7010 Bedriftsretta satsingar vert redusert årleg med 1,0 mill. kr. Her vert rammeløyvinga til Innovasjon Norge redusert.
- Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert redusert årleg med 2,0 mill. kr. Her vert løyvinga til oppfølging av breibandstrategien redusert.
- Teneste 7015 Nyskaping vert redusert årleg med 0,7 mill.kr. Her vert løyvinga til kommunale næringsfond redusert.
- Teneste 7018 Kunnskap vert redusert årleg med 2,8 mill.kr. Krav til fylkeskommunal medfinansiering på løyvingar til næringshagane og til FoU-mobilisering/forskingsløft saman med Noregs Forskingsråd (vegen vidare etter VRI) fell vekk frå og med 2017. Våre løyvingar knytt desse to områda vert difor redusert med høvesvis 1,6 mill. kr og 1,2 mill. kr. Med desse reduksjonane er det ikkje løyvingar til dette i budsjett/økonomiplan.

Alle desse tiltaka er innafor programområde 701 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet. Tabellen under syner tilrådd budsjett innafor dette programområde fordelt på teneste.

Programområde 701 tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	2017	2018	2019	2020
7010 Bedriftsretta satsingar	29,900	29,600	29,600	29,600
7011 Kommunikasjonsteknologi	8,277	2,140	2,140	2,140
7012 Bransjeretta satsingar	8,530	8,410	8,490	8,570
7015 Nyskaping	20,499	20,919	20,839	20,759
7018 Kunnskap	3,393	3,393	3,393	3,393
7019 Andre næringsområde	2,977	2,977	2,977	2,977
7099 Tilrettel./støttef. for næringslivet - Administrasjon	9,641	9,673	9,273	9,273
SUM	83,217	77,112	76,712	76,712

3.3 Innsparingskrav på teneste 7720 Kunstproduksjon

Innsparingskravet på 7720 Kunstproduksjon på 0,2 mill. kr i 2017, knytt til kulturinstitusjonane, har så langt ikkje vorte fordelte på institusjonsnivå. I budsjettsaka til HNK i september vart det vist til at vi ville vente til statsbudsjett 2017 for å kunne sjå fordelinga i samanheng med dei statlege løyvingane.

Reduksjonen på 0,2 mill. kr vart i 2016 fordelt likt med 0,050 mill. kr på kvar av institusjonane. Fylkesrådmannen vil for 2017 legge ei meir skjønsmessig vurdering til grunn for reduksjonane og tilrå følgjande fordeling av innsparingskravet for 2017:

- Førdefestivalen -0,020 mill. kr
- Sogn og Fjordane teater -0,030 mill. kr
- Opera Nordfjord -0,050 mill. kr
- Norsk Countrytreff -0,100 mill. kr

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til løysing av innsparingskrav, skissert i punkta 3.1 – 3.3, til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

4 ENDRINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET

4.1 NY 228 Eid vgs. - tilbygg

FU handsama 17.10.16 notatet Eid vg. skule, areal for opplæring til nykomne flyktingar og asylsøkjjarar. FU signaliserte at fylkeskommunen skal sette i gong bygging av dette tilbygget under føresetnad av at Eid kommune forpliktar seg til ein 10-årig leigeavtale.

Fylkesrådmannen har etter nemnde møte sendt brev til Eid kommune om dette, men har enno ikkje fått svar. Investeringa på 7 mill. kr er førebels lagt inn i investeringsbudsjettet i 2017, men dette føresett positivt svar. Løyvinga vert finansiert med låneopptak og mva. kompensasjon.

4.2 Justering av driftsbudsjettet og finansieringsplan for bygg

NY 228 Eid vgs. - tilbygg

Investeringa i tilbygg på Eid vgs., jf. pkt. 4.1, skal i utgangspunktet ikkje føre til auka drifts-kostnader for fylkeskommunen. Auka kapital- og driftsutgifter skal finansierast av leigeinntekter frå Eid kommune.

Men investeringa vil likevel påverke ulike postar i driftsbudsjettet. Kapitalutgiftene vil auke med 0,4 mill. kr årleg. Teneste 5101 Vedlikehald og drift og skulebygg vil få auka inntekt, og tenesta vert difor redusert tilsvarande auken i kapitalutgifter, 0,4 mill. kr. Dei resterande leigeinntektene er føresett nytta til å dekke auka driftsutgifter ved skulen.

Endring i finansieringsplan for bygginvesteringar

I arbeidsdokument 4/16 fastsette finansutvalet finansieringsplan for bygginvesteringar. Låneopptak og mva. kompensasjon vert no endra i 2017 som følgje av tilbygget ved Eid vgs.

Vidare ser vi at avsette fondsmidlar på 7,2 mill. kr, føresett nytta som delfinansiering på prosjektet Fellesmagasin for musea, er løyvd i 2017. Utifrå framdrifta på dette prosjektet er det først aktuelt å nytte løyvinga i 2018. Fylkesrådmannen vil no rette opp dette i finansieringsplanen. Dette medfører auka låneopptak i 2017 med ein tilsvarande reduksjon i 2018. Som følgje av dette vert det ein auke i kapitalutgiftene på 0,5 mill. kr i 2017 med ein tilsvarande reduksjon i 2018.

Tilråding

Investeringsprosjektet NY 228 Eid vgs. – tilbygg, med ei kostnadsramme på 7 mill. kr, vert innarbeidd i investeringsprogrammet og finansieringsplanen for bygg, jf. pkt. 4.1.

Endringar i driftsbudsjettet og i finansieringsplanen for bygginvesteringar, som er omtalt i pkt. 4.2, vert innarbeidd i budsjett/økonomiplan.

5 INNSPARINGAR PÅ SAMFERDSLESEKTOREN

Ved handsaming av arbeidsdokument 4/16 konkluderte finansutvalet med at dei økonomiske konsekvensane av den nye nivåinndelinga som hovudutval for samferdsle (HS) har gjort med omsyn til innsparingskrav/-tiltak i HS-sak 40/16 vert lagt fram.

I HS-sak 41/16 *Budsjett 2017/Økonomiplan 2017-20 Samferdsle* vart HS sitt vedtak i sak 40/16 *SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren* også vedteke. I vedtaket ber HS om å få redusert sitt innsparingskrav.

Fylkestinget sitt vedtak

Innafor kvar utgreiing er det mange ulike innsparingstiltak. Alle tiltaka er av HS blitt plassert i nivå 1 – 3, der nivå 1 er tiltak med minst negativ konsekvens. Dei fleste utgreiingane var ferdige våren 2015 og vart vedteke ved handsaming av økonomiplan 2016-2019 i juni 2015. Innsparingstiltak på nivå 1 og 2 vart då lagt inn i økonomiplanen.

Utgreiing #45 Driftsstandard på fylkesvegnettet vart ferdigstilt våren 2016, og innsparingstiltaka på nivå 1 vart vedteke ved handsaming av økonomiplan 2016-2019 i juni 2016. På grunn av ulik innfasing av innsparingstiltaka i driftskontraktane vart differansen mellom nivå 1 og det samla årlege innsparingspotensialet definert som eit uspesifisert innsparingskrav for åra 2018-2020.

Samferdslesektoren sto då att med eit innsparingskav på 4,9 mill. kr i 2018 og 1,2 mill. kr i 2019 som fylkestinget vedtok å reversere.

Økonomiske konsekvensar av HS sitt vedtak i sak 40/16 SFJ2019 Innsparingstiltak samferdsle

HS har i sak 40/16 vedteke ei ny nivåinndeling av innsparingstiltaka og dei tilrår at tiltak på nivå 1 kan gjennomførast. Summen av desse tiltaka er 23,9 mill. kr, dvs. 31,5 mill. kr lågare enn vedteke innsparingskrav i 2020.

Innafor kollektivområdet er innfasinga av innsparingstiltaka i gang, og estimat på forventa innsparingar er blitt oppdaterte. HS har i sitt nye framlegg lagt dei oppdaterte tala til grunn. I tillegg til dette har fylkesrådmannen auka HS sitt nivå 1 med 0,5 mill. kr som følgje av realisert innsparing på #39 Kollektiv båt.

Tabellen nedanfor viser den økonomiske konsekvensen av HS si tilråding i høve FT sitt vedtak om innsparing på samferdslesektoren:

	2017	2018	2019	2020
Innsparingskrav FT-sak 26/16	-49,9	-34,5	-53,6	-55,4
Innsparing HS-sak 40/16 - nytt nivå 1	-49,9	-24,4	-24,4	-24,4
Manglande innsparing	0,0	-10,1	-29,2	-31,0

Fylkesrådmannen har i vedlegg 2 sett opp for kvar utgreiing:

- Status for innfasing av tiltak med oppdaterte beløp.
- HS si nye nivåinndeling samanlikna med FT sitt vedtak.

I tillegg til at estimerte innsparingar vert endra etter kvart som dei vert innfasa, har også sektoren andre innsparingar som ikkje er direkte knytt til ei utgreiing og vedteke innsparingstiltak. Dette gjeld spesielt innsparingar på bussanbod og ungdomstiltak. Dette er nærare omtalt i vedlegg 2.

Tabellen under viser dei årlege innsparingane i budsjett/økonomiplanperioden knytt til bussanbod og ungdomstiltak:

	2017	2018	2019	2020
Bussanbod Sunnfjord	-6,0	-6,0	-6,0	-6,0
Bussanbod Sogn	-1,5	-3,0	-3,0	-3,0
Ungdomskort	-2,0	-2,0	-2,0	-2,0
Varige innsparingar kollektiv	-9,5	-11,0	-11,0	-11,0

I HS-sak 41/16 *Budsjett 2017/Økonomiplan 2017-2020 Samferdsle* er denne varige innsparinga blitt nytta slik at dei uspesifiserte innsparingskrava på 2,2 mill. kr i 2018, 7,6 mill. kr i 2019 og 6,9 mill. kr i 2020 er løyste. Resterande beløp må sjåast opp i mot løyvingane til drift og vedlikehald på fylkesveg. Sektorbudsjettet til samferdsle er ikkje blitt redusert som følgje av varige innsparingar på bussanbod/ungdomskort, slik at midlane er blitt omprioritert innafor sektorramma.

For å kunne gje ein samla oversikt over dei økonomiske konsekvensane av HS sitt vedtak meiner fylkesrådmannen at dei varige innsparingane på kollektivområdet må bli vurderte som innsparings-tiltak. Vi vil då ha følgjande utfordring på sektoren:

	2017	2018	2019	2020
Innsparingskrav FT-sak 26/16		-34,5	-53,6	-55,4
Innsparing HS-sak 40/16 - nytt nivå 1		-24,4	-24,4	-24,4
Varige innsparingar kollektiv		-11,0	-11,0	-11,0
Utfordring på sektoren		0,9	-18,2	-20,0

Tabellen viser at sjølv om vi legg til varige innsparingar på 11 mill. kr til HS sitt nye nivå 1, er det framleis ein stor differanse til FT sitt innsparingskrav i 2019 og 2020.

HS sitt nye nivå 2 og 3

Fylkesrådmannen vil her presentere kva innsparingsbeløp per utgreiing HS har flytta på. Det vert vidare presisert at HS ikkje har gjort innbyrdes prioriteringar mellom tiltaka på dei ulike nivåa. Kva for tiltak innafor kvar utgreiing som er flytta er nærare spesifisert i vedlegg 2.

Tabellen under viser samla beløp innafor kvar utgreiing som HS har flytta frå nivå 1 til nivå 2:

HS 40/16 - Nivå 2				
Område/tiltak	2017	2018	2019	2020
#39 Kollektiv båt		-4,0	-4,0	-4,0
#40 Ungdomstilbod		-2,3	-2,3	-2,3
#41 Ferjesamband		-5,0	-5,0	-5,0
#43 Terminlar og venterom		-0,2	-0,2	-0,2
#44 FTU-tiltak		-2,2	-2,2	-2,2
#46 Vinterstenging av vegar		-0,6	-0,6	-0,6
	0,0	-14,3	-14,3	-14,3

I tillegg er det tiltak i nivå 2 frå tidlegare nivåinndeling, slik at samla innsparingstiltak plassert på nivå 2 er på 29,8 mill. kr.

Tabellen under viser samla beløp innafor kvar utgreiing som HS har flytta frå nivå 1 og 2 til nivå 3:

HS 40/16 - Nivå 3				
Område/tiltak	2017	2018	2019	2020
#45 Driftsstandard på fylkesvegnettet		-15,6	-15,6	-15,6
#46 Vinterstenging av vegar		-0,7	-0,7	-0,7
	0,0	-16,3	-16,3	-16,3

I tillegg ligg det tiltak i nivå 3 frå tidlegare nivåinndeling, slik at samla innsparingstiltak som er plassert på nivå 3 er på 51,3 mill. kr.

Alternative løysingar på HS si utfordring til finansutvalet

Slik fylkesrådmannen vurderer det ønskjer HS å få sitt samla innsparingskrav på sektoren redusert. Det er dette ønskje finansutvalet må ta stilling til viss det skal innarbeidast i framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Viss dette ikkje vert redusert, vert økonomiplanvedtaket frå juni 2016 framleis retningsgjevande for samferdslesektoren.

Fylkesrådmannen vil nedanfor tillate seg å skissere 3 ulike alternativ som kan vere til hjelp.

Alternativ 1:

Finansutvalet er samd i at nytt nivå 1, med ei innsparing på 24,4 mill. kr, samt varige innsparingar på 11 mill. kr vert det nye samla innsparingskravet på sektoren. Dette medfører at innsparingar på 18,2 mill. kr i 2019 og 20,0 mill. kr i 2020 vert reversert. Dette vil utfordre salderingsbalansen for fylkeskommunen tilsvarande. Dette alternativet kan føre til at vi må sjå på innsparingar på andre område i fylkeskommunen.

Alternativ 2:

Finansutvalet legg til grunn dei same innsparingane som i alternativ 1. I tillegg skal samferdsle-sektoren gjennomføre innsparingstiltak på tilsvarande beløp som det HS har flytta frå nivå 1 til nivå 2. Dette betyr at samferdsle må gjennomføre tiltak på ytterlegare 14,3 mill. kr i 2019/2020. Dette medfører at innsparingar på 3,9 mill. kr i 2019 og 5,7 mill. kr i 2020 vert reversert. Dette vil utfordre salderingsbalansen for fylkeskommunen tilsvarande.

Alternativ 3:

Finansutvalet opprettheld det vedtekne innsparingskravet på samferdslesektoren. Ein legg til grunn dei same innsparingane som i alternativ 2. I tillegg vert differansen mellom innsparingstiltak og -krav lagt inn som eit uspesifisert innsparingskrav på sektoren med 3,9 mill. kr i 2019 og 5,7 mill. kr i 2020. Dette alternativet utfordrar ikkje salderingsbalansen for fylkeskommunen.

Oppsummering

Fylkesrådmannen har i dette kapitlet prøvd å få fram dei økonomiske konsekvensane av HS sitt vedtak i sak 40/16. Vidare er det skissert ulike alternative løysingar med tilhøyrande konsekvensar for både samferdsla og fylkeskommunen. Ei ev. rammejustering på samferdsla vil utfordre oss økonomisk, og det kan igjen føre til behov for ytterlegare innsparingar på andre sektorar/område.

Fylkesrådmannen har i den politiske prosessen registrert at det ikkje er stor vilje til å setje i verk vedtekne tiltak i utgreiing #45 driftsstandard på fylkesvegnettet. Denne utgreiinga var i utgangspunktet delt inn i nivå 1-3, men etter HS si nye nivåinndeling er alle tiltaka i nivå 1 flytta til nivå 3.

Fylkesrådmannen ser også utfordringar med å sette i verk vedtekne tiltak i utgreiing #45 no. Vi vil våren 2017 starte prosessen med ein ny driftskontrakt, og vi må i denne kontrakten ta omsyn til dei innsparingstiltaka som er vedtekne. Ein mogleg region frå 2020 gjer at fylkesrådmannen ser at innfasing av ny driftsstandard kan kome på eit lite høveleg tidspunkt. Ei innfasing no kan føre til at vi har ein lægre driftsstandard på delar av fylkesvegnettet i 2020, mens det resterande vegnettet har dagens standard. Fylkesrådmannen har i dei ulike alternativa lagt til grunn at det ikkje vert sett i verk tiltak som reduserer driftsstandaren på fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at finansutvalet førebels løftar denne ut av utgreiingsporteføljen, slik at tiltaka som ligg i #45 driftsstandard for fylkesvegnettet ikkje vert sett i verk.

Tilråding

I høve vedtekne innsparingar på samferdslesektoren vil finansutvalet innarbeide alternativ ... i framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

Innsparingstiltak i høve utgreiing #45 Driftsstandard for fylkesvegnettet vert førebels ikkje sett i verk.

6 SALDERING

6.1 Samla salderingsutfordring 2017-20

	2017	2018	2019	2020
Ubalanse etter a-dok 5:	8,5	21,4	-0,2	-27,2
Vurderingar i arbeidsdokument 6/16				
Endring i skatteanslag	2,1	2,1	2,1	2,1
Endring i rammetilskot		16,6	28,3	23,0
Endring i kapitalutgifter - forskyving av låneopptak/fond	0,5	-0,5		
Ubalanse etter a-dok 6:	11,1	39,5	30,2	-2,1

Tabellen over viser at vi med gjeldande føresetnader har store underskot for åra 2017-2019. Dette er urovekkande. I det økonomiske opplegget ligg det inne føresetnad om auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr i 2018 og 45 mill. kr i 2019/2020. Om det ikkje lukkast å få denne opptrappinga vil den samla salderingsutfordringa auke tilsvarande.

Dette underskotet er også før ei ev. rammejustering på samferdslesektoren, jf. pkt. 5. Dette syner at det framleis er viktig å halde oppe arbeidet knytt til rammereduksjonar og innsparingstiltak. Det er mogleg det også bør settast i gang fleire utgreiingar av moglege innsparingar innafor «SFJ2019»

6.2 Sluttsaldering

I arbeidet med å tilpasse oss nye inntektsrammer er ein av salderingsstrategiane å nytte fondsmidlar for å få balanse på kort sikt. Fylkesrådmannen vurderer det som naudsynt å nytte denne strategien no for å få balanse i budsjettet/økonomiplanen.

I det økonomiske opplegget er det budsjettert med avsetning til omstillingsfondet på 25,1 mill. kr for åra 2017-2019. Fondet er tenkt nytta til omstillingsarbeidet i fylkeskommunen som følgje av nytt inntektssystem. Fylkesrådmannen vil i sluttsalderinga tilrå å reversere det som er nødvendig av dei årlege avsettingane til omstillingsfondet først, for deretter å nytte tidlegare avsett fondskapital frå omstillingsfondet i sluttsalderinga.

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt framlegg til sluttsaldering av budsjett 2017/økonomiplan 2017/20.

	2017	2018	2019	2020
Ubalanse etter a-dok 5:	8,5	21,4	-0,2	-27,2
Vurderingar i arbeidsdokument 6/16				
Endring i skatteanslag	2,1	2,1	2,1	2,1
Endring i rammetilskot		16,6	28,3	23,0
Endring i kapitalutgifter - forskyving av låneopptak/fond	0,5	-0,5		
Sluttsaldering				
Redusert avsetning til omstillingsfondet	-11,1	-25,1	-25,1	
Bruk/avsetning - omstillingsfondet		-14,4	-5,0	2,1
Totalbalanse	0,0	0,0	0,0	0,0

Tilråding

Framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 vert saldert ved å redusere budsjettert avsetning til omstillingsfondet i 2017-2019. Vidare vert bruk/avsetning av omstillingsfondet nytta til saldering.

7 ARBEID MED ØKONOMIPLAN 2018-21

I eige kapittel i budsjettboka vert vidare arbeid med budsjett/økonomiplan skissert. Som grunnlag for dette, vil fylkesrådmannen her kort skissere tilrådde rammer for dette arbeidet.

Budsjett- og økonomiplanarbeidet har vore og er framleis sterkt prega av den økonomiske situasjonen for Sogn og Fjordane fylkeskommune. I denne situasjonen har det vert tenleg å dele budsjettarbeidet i to prosessar; budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren. Fylkesrådmannen meiner denne endringa har vore naudsynt og vil tilrå same deling av arbeidet i høve økonomiplan 2018-21.

I tråd med dette har vi no i haust hatt fokus på å utarbeide detaljbudsjett for 2017 og vidare konkretisere naudsynte føringar for å få balanse i økonomiplanen. Arbeidet har vore basert på dei rammer og føringar som vart vedtekne i gjeldande økonomiplan i juni 2016.

På nyåret startar vi opp att arbeidet med økonomiplan 2018-21, der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga. Det vil såleis vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta dei overordna grepa på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

Som grunnlag for den komande økonomiplanprosessen har fylkesrådmannen fått i oppdrag å gjennomføre følgjande utgreiingar med leveringsfrist i 2017:

- Reinhaldartenestene (#56)
- Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)

Enkelte sektorar har dessutan uspesifiserte innsparingskrav i økonomiplanrammene som også må løysast. Vidare er det eit viktig framover å sikre at forventa/vedtekne innsparingar vert realiserte.

Fylkesutvalet har i sak 103/16 reservert følgjande datoar for møte i finansutvalet i 2017:

- Måndag 6. mars
- Onsdag 3. mai
- Onsdag 27. september
- Måndag 16. oktober
- Onsdag 1. november.

Utover dette kan det - i samband med møta i fylkesutvalet – også bli møte i finansutvalet.

Hovudutvala vil vidare bli inviterte inn i budsjettprosessen, som sektorspesialistar, to gonger. Ein gong om våren og ein gong om hausten. I tillegg vil dei få sak om økonomiplan 2018-21 til handsaming i mai og sak om budsjett 2018/økonomiplan 2018-21 til handsaming i november.

I høve det administrative utgreiingsarbeidet vil dei tillitsvalde bli informert og invitert til å kome med innspel/merknader. I samband med politisk handsaming av rapportane vert ev. innspel frå dei tillitsvalde, samt andre eksterne innspel, lagt ved og synleggjort overfor politisk side.

8 FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017/ØKONOMIPLAN 2017-20

Fylkesrådmannen tilrår at finansutvalet no vedtek det *salderingsmessige opplegget* som er utarbeidd gjennom finansutvalet sin budsjettprosess. Tilhøyrande tekstar (tekstboka) vert så produsert med grunnlag i vedtaka i finansutvalet, og sjølve tekstdokumentet vert grunnlaget for den politiske slutthandsaminga av budsjett/økonomiplan i hovudutval, fylkesutval og fylkesting.

Med utgangspunkt i dette kan finansutvalet sitt framleggsvedtak utformast slik:

- A. Det utarbeidde salderingsframlegget som følgjer av arbeidsdokumenta 4-5/16, samt dei fleirtalsvedtak som følgjer av handsaming av arbeidsdokument 6/16, vert fremja som finansutvalet si tilråding til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.
- B. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tilhøyrande tekstdokument før utsending til hovudutvala.
- C. Vedtak tilpassa førebels saldering:

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20".
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2017
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
Sum frie disponible inntekter	2394,775
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
Netto finansinnt./utg.	-114,160
Til dekking av tidligere reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	60,003
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	3,340

Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-56,663
Overført til investeringsbudsjettet	21,500
Til fordeling drift	2202,452
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2202,452
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2017
400	POLITISK STYRING	45,304
410	KONTROLL OG REVISJON	4,529
420	ADMINISTRASJON	78,644
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,590
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	6,280
460	TENESTE UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	6,875
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	14,818
	SUM FORVALTNING	166,715
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	104,008
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
520	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
521-	UTDANNINGSPROGRAMMA	332,536
554	FAGSKULE	27,461
559	LANDSLINER	5,067
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208
562	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
590	ANDRE FØREMÅL	9,415
	SUM OPPLÆRING	849,063
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,200
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	SUM TANNHELSE	81,531
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BIDR. FOR NÆRINGSLIVET	83,217
716	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
740	BIBLIOTEK	5,779
750	KULTURMINNEVERN	12,090
760	MUSEUM	15,292
771	KUNSTFORMIDLING	9,912
772	KUNSTPRODUKSJON	11,752
775	IDRETT	2,756
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	SUM NÆRING og KULTUR	150,992
722	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	535,239
730	BILRUTER	240,828

731	FYLKESVEGFERJER	130,112
732	BÅTRUTER	95,216
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,756
	SUM SAMFERDSLE	1 012,151
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-58,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 202,452

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2017:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov innværande år	548,011
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	22,500
Sum finansiering	548,011
Udekka/udisponert	0,000

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
Sum fordelt - frå 2A	548,011

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

9 VIDARE ARBEID

På møtet 2. november må finansutvalet vedta samla salderingsopplegg for budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Fylkesrådmannen skal utforme tilhøyrande tekstdokument før finansutvalet sitt framlegg vert lagt fram for ordinær politisk slutthandsaming slik:

<u>21. november:</u>	Politikardag
<u>22. november:</u>	Hovudutvalshandsaming
<u>23. november:</u>	Fylkesutvalshandsaming
<u>6-7. desember:</u>	Fylkestingshandsaming

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Astrid Lernes
kst. økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Møtebok frå møtet i finansutvalet 17.10.16
2. Konsekvensar av HS sitt vedtak i sak 41/16

Kopi til:

Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe
Budsjettgruppa

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 6/16

1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17.10.16

Tilråding

Møteboka frå møtet i finansutvalet 17.10.2016 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg1.

2 SKATT OG RAMMETILSKOT

Tilråding

Skatt og rammetilskot vert redusert med 2,1 mill. kr i 2017, 18,7 mill. kr i 2018, 30,4 mill. kr i 2019 og med 25,1 mill. kr i 2020.

3 INNSPARINGSKRAV I DRIFTSBUDSJETTET – FRAMLEGG TIL LØYSING

3.1 Programområde 715 lokal og regional utvikling

3.2 Sektoren næring og kultur

3.3 Innsparingskrav på teneste 7720 Kunstproduksjon

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til løysing av innsparingskrav, skissert i punkta 3.1 – 3.3, til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

4 ENDRINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET

4.1 NY 228 Eid vgs. - tilbygg

4.2 Justering av driftsbudsjettet og finansieringsplan for bygg

Tilråding

Investeringsprosjektet NY 228 Eid vgs. – tilbygg, med ei kostnadsramme på 7 mill. kr, vert innarbeidd i investeringsprogrammet og finansieringsplanen for bygg, jf. pkt. 4.1.

Endringar i driftsbudsjettet og i finansieringsplanen for bygginvesteringar, som er omtalt i pkt. 4.2, vert innarbeidd i budsjett/økonomiplan.

5 INNSPARINGAR PÅ SAMFERDSLESEKTOREN

Tilråding

I høve vedtekne innsparingar på samferdslesektoren vil finansutvalet innarbeide alternativ ... i framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

Innsparingstiltak i høve utgreiing #45 Driftsstandard for fylkesvegnettet vert førebels ikkje sett i verk.

6 SALDERING

6.1 Samla salderingsutfordring 2017-20

6.2 Sluttsaldering

Tilråding

Framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 vert saldert ved å redusere budsjettetert avsetting til omstillingsfondet i 2017-2019. Vidare vert bruk/avsetting av omstillingsfondet nytta til saldering.

7 ARBEID MED ØKONOMIPLAN 2018-21

Punkt 7: Utan tilråding.

8 FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017/ØKONOMIPLAN 2017-20

Med utgangspunkt i dette kan finansutvalet sitt framleggsvedtak utformast slik:

- A. Det utarbeidde salderingsframlegget som følgjer av arbeidsdokumenta 4-5/16, samt dei fleirtalsvedtak som følgjer av handsaming av arbeidsdokument 6/16, vert fremja som finansutvalet si tilråding til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.
- B. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tilhøyrande tekstdokument før utsending til hovudutvala.
- C. Vedtak tilpassa førebels saldering:

**Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:
Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20".
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2017
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
Sum frie disponible inntekter	2394,775
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
Netto finansinnt./utg.	-114,160
Til dekking av tidligere reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	60,003
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	3,340
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-56,663
Overført til investeringsbudsjettet	21,500
Til fordeling drift	2202,452
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2202,452
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2017
400	POLITISK STYRING	45,304
410	KONTROLL OG REVISJON	4,529
420	ADMINISTRASJON	78,644
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,590
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	6,280
460	TENESTE UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	6,875
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	14,818
	SUM FORVALTNING	166,715
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	104,008
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
520	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
521-	UTDANNINGSPROGRAMMA	332,536
554	FAGSKULE	27,461
559	LANDSLINER	5,067
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208
562	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
590	ANDRE FØREMÅL	9,415
	SUM OPPLÆRING	849,063
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,2
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	SUM TANNHELSE	81,531
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BIDR. FOR NÆRINGSLIVET	83,217
716	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
740	BIBLIOTEK	5,779
750	KULTURMINNEVERN	12,090
760	MUSEUM	15,292
771	KUNSTFORMIDLING	9,912
772	KUNSTPRODUKSJON	11,752
775	IDRETT	2,756
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	SUM NÆRING og KULTUR	150,992
722	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	535,239
730	BILRUTER	240,828
731	FYLKESVEGFERJER	130,112
732	BÅTRUTER	95,216
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,756
	SUM SAMFERDSLE	1 012,151
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-58,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 202,452

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2017:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsetningar	0,000
Finansieringsbehov innværande år	548,011
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	22,500
Sum finansiering	548,011
Udekka/udisponert	0,000

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
Sum fordelt - frå 2A	548,011

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

9 VIDARE ARBEID

Punkt 9: Utan tilråding

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑